

Flott dag på Fjellandsbøvatnet.

09.01.2016



Endeleg er isen trygg på Fjellandsbøvatnet.

**Vinterkulden har no sytt for at isen har lagt seg på vatna, og no viser målingar at det er trygt å bruka skeiseisen på Fjellandsbøvatnet øvst i Uskedalen. Sjølvsgart må ein vera forsiktig i nærleiken av elvane, og ein må som alltid vera obs der det kan vera råker. I dag var isen målt til 13 cm, og det var masse folk, både born og vaksne, som kosa seg skikkeleg.**



Spennande isfiske!

Sjølvsgart var det kjekt å få prøva skeisene, men det var også dei som prøvde seg på isfiske. Om det vart noko fangst kjenner eg ikkje til, men at det var mange som grilla og verkeleg kosa seg på og ved det idylliske vatnet er sikkert!

Gapahuken som Sigmund Myklebust har bygt, vart også brukt som ein trivleg samlingsplass. Så er det berre å håpa at det fine vinterveret held fram slik at det vert mange slike dagar. I føremiddagssola er det ekstra flott! Som nemnt må ein vera forsiktig ved elvane, og så veit eg at eldre før i tida fortalte at borte under Nåso var det aldri trygt å ferdast på isen, for der var oppkomer som gjorde at isen ikkje vart tjukk nok.



Kos i gapahuken.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Hildegunn Klette Hansen